

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Etne

Emne: Død og gravferd

Bygdelag:

Oppskr. av: Trygve Vinje

Gard:

(adresse): Fette

G.nr.

Br.nr.

A. ~~Merk av om~~ oppskrifta er etter eiga røynsle.B. ~~Eller om den~~^{og} er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Når kallingla skreite ikring triset, når hesten stod sveit på bisen eller når folk såg krossar av strå og pinnar på golv eller i tinnel, var det varsel om dødsfall

5. Feigdalius snakka dei om og tridde på Samuel Høland, 86 år. fortel etter far sin, Tor Høland, at bestemor ~~hans~~ hadde feigdalius, men så snart ho var død, vart det som stroke av henne.

6. Dei ta merke til og snakka om folk som åt uvanleg mykje strokes for dei døydde. Reisemåltid kalla dei det. Bestemor at Samuel Høland at som mykje nett for ho slokna, fortel han.

9. Det har vore bruka under dødsdøp at dei som var til stades banka i veggen ofor å letta i siste stunda. Dødsbank kalla dei det.

10. Presten vart bodend dersom folk hadde

gjort noko gale eller visske om noko forbrot som dei hadde hude loygt - og som dei ville tilstå for prestem. Det var ikkje vanleg i gamle tid at folk ville få høve til å nyte nattvorden. Dei gjekk til kyrkje inn søndagane og gjekk til altene 2 gonger årlig sikkert, så lenge dei vann, og når dei kom til senge, rekna dei seg ferdig med det.

11. Ein gammel mann på Savarid i Skänevik herad som låg for døden, sendte bud til prestem, for å letta samvirket. Han skuffa seg som han angra, men prestem var ikkje nign med det og grov og spinde like om det var noko anna han bega på. "Å ja, svare maunnet det er sagde mangt å angra, men det er begar mest på av all det galne eg har gjort, det er at eg har hetta med kvinnfolk og sprunge eller kalvar."

Han hadde ved røygt at begge deler var heil jäfengt i freista på.

13. Det hende av og til at folk som låg for døden, sjelv sa på kolen det skulle vera i gravfuta dura.

Ein ugift husemannsdatter, Anna Godskallesdatter Trette, f. 1854 d. 1940, gav uttrykkelig que for kolen att skulle vera i gravfuta hennar bote om kvem som skulle bestå og at det skulle kjøpast så romleg inn at konene i grunda fetek sendingar heimatt eller på

14. Han har fått flytta, eller ho er slokna

var vanlege uttrykk når folk var døde.

15. Å halta ei fjør eller eit brennande ljøs framfor minnen til den døde var ein utgamal skikk. Seinare, då speglar var vanlege, høft dei jamt ein spegel for minnen til den døde for å sjå om den "doggast".

Ein annan utgamal skikk var at dei let den døde få ei brennande ljøsspike mellom hendene. "Høft dei døde spika," som dei sa, var det visst mykje på at dei kom til Himmeldriket. Men slepte dei spika, var det inga von om det. Denne prøven med spika var mykje høft i Vestlandet.

Frå Santa i Rogaland vert det fortalt at dei brukte denne spikprøva, men den døyande, slepte spika. Etterpå snakka dei med ofte om dette:

"Nå, Gud forsøge meg slepte han ikkje spikja. Men det har nå alltid vore eit færa menneske; både i døgna og andre lag." (Fortalt av Samuel Håland)

16. Ei jente frå garden Utstimo i Etne som tente på Håland for ca 70 år sidan fortalte om ein mann på Eikanes i Etne som var steindød. Dei som var til ~~stades~~^{stades}, hadde visst ein ofte for det, for dei stakk han med nåler for å sjå om dei meka livsteikar. Han rädde med seg att og levde ei tid etterpå. Men han fortalte ofte om kor falsleg det var når han kjente nålestikka og ikkje kunne gjve livsteikar frå seg.

17. Dersom dei mykje fekk auguloka på den døde til å leggja att uttan, la dei mykje på

18. Å leggja salmebok under hoka var brått,
men i seinare tid brått dei til vanleg
eit bind til å halda undermunnen opp.
19. Graumann vart varsla om Pölsfallet med ein gong.
20. Ein av dei største stekningane varslat,
medan bedmannen som bot til gravfuta,
alltid var ein uskuldig eller fern stekning
som bitte i grunta.
22. Dei opne ljoren eller vindanga så snart
nokn var död.
23. Straks nokn var död, var liket vaska på
hender og bryst og i andlet og "la dei
fram" på eit hardt underlag, eit
beenkledok eller anna. Dei song ein Salme-
vers på
25. Liket vart aldri lagt på haln.
26. Her så dei "leggja lik". Han ligge
lik eller han lag lik.
27. Sengehalmar vart alltid brund straks
etter døden.
30. Når liket hadde lege til det var stivt stelte
grammatonene det. Dei vaska andlet og
greitte håret og klippte neglene og hadde
likklede på. Underklede og sokkar ~~hatt~~
ferndei döde også på seg.
34. Döte menn blei barbert.
38. "Å kle liket" var det vanlege uttrykk
39. Fiskstjorta, likkleia og sveittadiuk
40. Fiskstjorta hadde dei på den döte, la sveitta-
duken over andlet og breidde lakunat
(likkleia) over. Lakunat var så stort at
det vart lagt under liket, men mista ~~at~~
rokk det godt til overbreidska. ~~for~~
~~liket~~
43. Det hende at folk hadde likkler liggjante,
serleg sjukke og helseveike eller gamle.

Brudgomskjorta vart bruka dersom ho fant
 og var bråkante. Unge kvinner som dygde straks
 etter brudlaupet, var skjøntom lagde i kista i
 brudekolen.

44. Så lenge relevante folk veit om, har
 likkista vore av leireft - (no brukt kerne
 papirklede og lakem).

45. Då eg var barn, såg eg alltid at fotene
 av liket med nye sokker. Var syndige

47. Kvinnfolka hadde hovudplagg på seg.

51. Like til for ca 30 år sidan kjøpte folk
 leireft og fekk likkista sydde heime
 i grenda.

58. Somme hadde likkista si ståande ferdig
 i årevis. Det var teke som eit merke på at
 nedkomande var burt til å dø, var
 reiseferdig, sa dei.

Leusmann Helge Håland og kona (som
 var besteforente at frammanfom rumme
 Samuel Håland) hadde likkistene sine
 ståande på kenen i mange år.

Det var uvanleg store og fint arbeidte
 kister med noko krot på, og jarnhandfangar til å

bera ittr. Fødlingskister kalla dei slike likkister.

Likkistene at leusmannspolka på Håland
 nytta dei til å ha klett i.

59. Trenoglar vart bruka i eldgamle tid.

60. Stroppene var av bastetog. Skulle dei
 bera liket lang veg, treidde dei lange stengene
 gjennom stroppene, og så bar 4 karar liket.

Folket i Stordalen rotte nedover vatnet og
 til Vatsentur, og derifrå bar dei lika til
 Grindheim kyrkje. Stengene som dei bar
 ittr, lag på lejelkane i måuset på
 Vatsentur, fortel Erik Rame som no er 100 år.

61. Ein snikker laga kista

62. Kistene var swarte, mala med kjønrot og olje

Torris Lofthus

Då systr åt ^{Torris} Lofthus på Håland dögde
bod han snikkaren skjera ein kross på
loket, og så la han salmeboka attmed
(for ca 75 år sidan).

63. Kvitmala kister har vore i bruk; ca 25 år

65. 66. Høvidspen vart nytta til underlag i kista
og til fyll i hovudspile.

67. No var kistene kjøpte ferdige. Dei er korte.

68. Dei døde fekk ha med i kista dei ringene
dei hadde på seg når dei dögde. Det vart
også stutte pengar med i kista, in det sagt.
Dei døde måtte betala skysseu var
døds-aa. Det har også vore fortalt at
somne som hadde kista ståande ferdig, ~~støt~~
gøymde pengar i kista sjølv. Men skylfallet
som hadde god greie på eigetommen såg norge
etter og tok pengene opp av kista i fleire
høve.

Ein mann som hadde Lars og Luitte på
garden Kambe i Etne, Modummen, vart
han kalla sa, at hadde dei døde rikeleg
med pengar med seg, så kom dei inn i
Himmeldriket, men allis var det vanstykke

70. Kistene vart ikkje pynte i gamal tid.

Seinare tok dei til med å laga leyngransar
som vart feste i sekk-sakk på loket.

I gravfata Her Johannes Nernes som dögde
ved ei ulukka på Håkelipjället (Då

noke dufferkarer la minekritt i omnen og
brødde det var kol) kom mor til Samuel
Håland med ei lang flekta av leyngr
som vart fest på kisteloket.

Det er den første likkeseppenting Samuel
Håland kan minnest. Det er no ca 80 år sidan

ulukka bar til hängen 1878 eller 1879

73. Når nokon av dei døde "gjekk heim igjen", skjønna folk at det var noko dei vanta eller leita etter. Dei stakk då stundom eit kvart ned i grava enten pengar eller noko anna dei kunne tenkja at dei døde gjekk etter - fortel Samuel Haland. Men ingen nolevande minnest det.

74. Når liket var lagt i kista, samlast slekta og folk i grunda. Kista var då boran inn i stova med hovudspon i. Eit par av grannkonene jamna sponen i kista, fylte spon i hovudputa, og breidde laknet ut over og la hovudputa på plass. Så tok eit par av mannfolke liket frå benkeloket eller bortplata der det låg og la det i kista. Deretter ordna konene med liket og var nøye på at hovudet og hendene og føtene låg i rett stilling. Hendene låg alltid krosslagte på brystet. Så var det songe nokre salmevers, og ein av mannfolke huot ein skilt tale ut på eit beidard og sa noko minnerd om den avlidne. Etterpå var det sungen, og så kom konene fram igjen og breidde sveittadikun over ansiktet på den døde.

og breidde laknet over.
 Så tok ^{3 to mann} folk og la liket på kiste. 4 karar og bar liket ut og sette det til vanleg på læven der det var ståande til gravferdsdagen.

Å leggja i kista kalla dei dette.

Skjedde folk at dei avlidne tokka for at folkur hadde komi og vore med, og så gjekk alle kvar til seg utan matstell.

Berri dei som høyrde kruslykten til og andre ~~andre~~ sletningar eller kyore verner slausa all i skind og samrædde seg om

lita for gravfuta og om kvar som skulle
bedast og givst anna i dette høvet.

Disse som slausa att. fekk mat.

78. Det vart soppa på låvegolvet og skipa til
pelles sles, men det vart ikkje pynta den
littkista stor.

81. Det vart aldri strøydd mellom stovetvå
og låven om det låg lik der.

82. Liket låg med fotene mot døra.

83. Kisteløket vart brenn festa læusleg på dei
la liket i kiste, for det var jamt tilreisande
og dei noaste som ville "sjå liket" som
dei sa, om morgnane på gravfutsdagen.

84. Ansiktsdükken var eit firkanta leireftsstykke
ca 1 al i kvar kant den det var kleipt taggen
og hol til pynt 4. d. ~~lyt~~

87. Her er ikkje gravkapell i bygda enda.

89. Det skulle ikkje vera stak og uro den
tid det stod lik på garten.

93. Høgtidsklæde var svarte eller mørkeblå, og
dei brukte same klæde både i gravfud
og brudløp. Men kvinnfolka brukte helst
brenn svarte hovudplagg i gravfuden.

~~At~~ Ein vers syngjelauns brukte dei likevel
ho: Etne i oldgamal tid: Kvinnfolka
hadde kvite ~~store~~ store plagg - mest som
eit laken - over hovudet og armer og brystet
medan dei song ut liket og bar det
ut av stova. Samuel Hiland fortel at:
gravfuda eller moster hans på Silda: Etne
brukte dei stike kvite laken.

"Det var mange som laka seg i dag,
sa dei dersom det var mange kvinnfolk
som bar slike syngjelaken

94. Enkyene hadde særskilt drakt - eller i alle høve eit kvart eleg serdeg møke på binnaden, men min heimsmann kunne ikkje hugsa kva det var.
98. Gravfuda skulle vera enten tysdag, torsdag eller laurdag. Fredag helst dei aldri gravfud og ikkje søndag.
99. Salabed kalla dei gravfudloga heilt til for 40 år sidan, og endå kann det henda at gamle folk brukar denne nemninga. ~~Nossein~~
Likeferd bruke dei også, og dette har helte seg like til det siste.
 "Eg er bedne i salabed eller N. N." eller
 "Me er bedne i likeferd" " " " " sa dei for
 No sein alle "begravelse".
100. Eller folk hadde fått fættast gravfudloga, nemnde kjøkemerkur opp 4 karar som skulle henta likkista på låven og bera henne inn i stova der ho vart sett på to krakkar eller kassar. Dei noraste slektingane ~~sette seg~~ var aldri med dei innledne til bord for liket var sunge ut. Når kista var komen på plass, gjekk kjøkemerkur til det romet der slektingane var og bad dei berna inn i stova. Der var då sett fram ein eller to benker jamnsides med kista der dei sette seg. Dei noraste sat først med hovudender. Den benken dei sat på, vart kalla syngjelenken og dei som sat der, kalla dei syngjarane.
 No i dei seinare tider er det til vanleg mange kransar, og ifor vent alltid nokre av gjestene stoks dei kynn til gard, bedne om å pynte kista der ho står på låven. Og dei går då stoks i gang,

Så dei kan verka ferdige med sitt arbeid til
 dess kista skal berast inn. To kvitke lys var
 sette på kisteløket.
 Så snart syngjarane var komne på plass,
 song kjøkmesteren eit vers. Dei gamle kjøke-
 meistarane brukte serlege salmer, og det var
 berre dei som song. No vart det delt ut
 trykke ~~grønsong~~ gravferdsongar til dei som
 er med, og gjestene er med og syng,
 men syngjarane syng aldri.

Etter songen høyrte kjøkmesteren ein
 tale og nemnde då alltid noko om den
 som var død dersom det kunne seiast
 noko velt og godt. Dersom det ikkje
 kunne seiast noko rosante og godt om
 den lode, høyrte kjøkmesteren ein skilt
 oppleggjeleg tale.

Etter talen vart det sunge eit vers.
 Så bad kjøkmesteren 4 karar, grannar
 eller slektningar om å bera ut liket
 og to karar til å gå føre med
 lysa. Kjøkmesteren gjekk føre og
 song, så kom dei med lysa og
 etterpå dei som bar kista.

På dødstokken skulle kista senkast
 3 gonger og ein av dei som bar i
 folenden og gjekk sist, sa farvel.

Så reiste syngjarane seg og fylgde,
 i same orden som dei sat, etter kista
 ut på sund og vart ståande attmed
 metan kista vart sett på plass på
 ein slede. Måtte kista berast eit stykke
 frå heimen og fram til kyrkeveg eller
 til båtstoa, fylgde syngjarane og
 dei andre etter derstil. Der spredde dei
 seg og sette seg i kjerner, stolar eller
 båtar

101. Loket var aldri teke av under gravferde. Sikkista var alltid boren inn i stova og sungen ut derifrå.
102. I gamle tid la dei ut fint åklede over kista medan dei song ut loket. Og eg har også høyst at åklede låg på til dess dei kom fram til kyrkjegarden. Skikkene med åklede på kista var det slutt på da dei tok til å pynte kistene med grønt og kransar.
106. Det var brukte 2 lys på alle kister
107. Desse lysa stod langt utrikke heime lenge. Men gravferde til eit minne
- ~~109~~¹¹⁰. Likvaka heist dei første natta etter dødsfall. Då sat húslyden i romet der den døde var lagt fram med kveitke lys - medan dei song salmer.
- Då Margreta Fyros i Etne døyde ca 1913. heist mannen Torbjørn Fyros likvaka. Dei var barnelause og leivde alene i vilkårshuset på Gylahaugen. Torbjørn sat heile natta og song salmer.
- Torbjørn Fyros. (Thorleif Fien sterteiv han) f. 1833 - d. 1915 heist seg sjøge på dei gamle skikkane. Denne likvaka i Fyros er den siste me veit om.
112. Gristekoner er utkjent kv.
113. Dei gamle kveitemestarene song kveit-salmer på ein sær måte.
114. No er det vanleg at prestene er tilstades i heimen og held tale, men det kan skjje vere vanleg kv i bygda før.
115. Det var noverande sokneprest som tok til med dette. Han var tilsett i Etne i 1946.

116. Tiltagere var det kjokeimesteren som hvedt
 "tale over liket" og sang det ut.

117. I gamle tid brukte dei alltid å ha öl
 og brennvin i gravferdsla.

I gravferda åt systra åt Torris Lofthus
 (som var av velstående husmannsfolk) kjøpte
 han inn ut anker brennvin attåt
 heimebygga öl. og då drakk dei
 drigeleg velvasskål (sjå sp. 62).

Brennvin skyndte dei i stauip på den
 måten den som stod for dette, gjedde
 ikring og sjukte kvar inn av same stauipet.

Øl vart smøt ikring i store ölskåler.

Mange drakk seg fulle, for dei drog til
 kyrkje - og enda fleire etter dei kom
 tilbake.

I Sunnhordland tingbok nr. 32 for 1723 står
 det at "da Tor Winje blef nedsat i di
 en graf under stolerne - og stolerne for
 dend skyld vare nedbrutte, begynte
 Tjeranv Fure-Nes (bom) at bringe en ord
 mind og var ildt befred fordi at denne
 mand blef begrafen i kirken og at
 stolerne for hans skyld blev nedbrutte,
 og sagde med stor allarm at om hand
 vilde så skulde liget ud af kirken
 igjen. Da sagde en del af de hosverende
 at stolerne skulde blive oplygte og
 ferdige igjen for end gudstjeneste eller
 prædiken blev holden igjen. Men hand
 bringte om samme tale og blef ved at
 larne og skjende. Da sagde sognepræsten
 hr. Johan Koren, at dersom hand ikke
 holdt fred og lod ham have fred i kirken,
 ved sit embede, skulde hand lade lege

ham ud. Da svarede Tjorand Gure-Nes at skulle hand gå ud, da skulde presten ud med. Da var der nogle af de medfølgende almuens som spurgte presten om de skulde lede ham ud. Men presten sagde nei, at de skulde lade ham blive." Dette vitnar John Håheimsmo (Ehne) som også var med i gravgården. Men desuden sa han at "hvad der passerede hjemme på Winge i begravelsen, ved hand ingen forklaring om i nogen måde," så han har mentelig vore reall full han også. Og Tjorand Gure-Nes, forklarede at hand var så droken at hand ei kand erinde hvad da passerede, ei heller ved hand at han dend gang engang så presten med sine öyne."

~~119. ~~Varer~~~~

Like til den senere tid, har det vore vantet ä ha öl til middagen i gravferden. Ei tunna kräs-öl vart jant kjøpt inn i stikk houe, senere vart det kjøpt i kasse bayrisk öl

119. Grammar var liket ut.

120. Dei ndaste ~~stikke~~ av slekta skulle aldri gjere det.

121. No er det ofte dei ndaste som ber ut liket A. d. söner eller bror, men det er aldri kvinnfolk med på det.

122. Liket skulle alltid berast ut med fotenden först

125. Det var ikke strögd i tünnet eller på veggen

126. Kista vart sitt ned ute på tünnet

127. Berarane fekk skjenke som dei andre vore med borte - og ein ekstra dram eller öl attät.

128) Både kvinner og menn fulgte med

129) helt til kyrkyegarden.

131. Det er gammalt her at di fleire menneske
og hestar eller båtar det var i lekfylgjet
der gjævare var det. Og det var jamt
snakka om det Alupia kor mange det
var (hestar eller båtar) i den og den lekfylgja.
134. Det er ikkje vanleg å heisa flagg på
halv stang ved dattjall men ved gravpult.
136. Flagga skulle gå til topps når liket
var kome i jorda. Men i det siste, er
det av og til vorte bruka såleis at det
heng på halv stang heile gravpultdagen.
139. Lekfylgja stansa ikkje, men kyrkemeesteren
song eit vers for kvar gard dei for framom
enten dei kjorte eller rotte, det var
det same om gardane låg så langt borte
at ingen der kunne høyra roke.
Denne stikken heist seg like til dess
det var vanleg å bruka bil til
kyrkjeferta.
143. Når lekfyldfylgja på Stordalen kom berande
med lika på Vatsunden og kom opp
på høgda så dei såg fram til Grindheim
kyrkja, stansa dei - og sette liket ned
på to store heller som var lagde der.
Denne staden heiter "Likhedlo" enta
Likeins var det vanleg ved dei andre
kyrkjene i Etne. "Likskar" i Gjerde som
minner også om denne stikken.
145. For det var lagt skinnveg på
Stordalen, rotte dei med lika. Seinare
kjorde dei med hjulstete eller
snøselede
146. Hesten på garden skulle vera "likøyke".
147. Dei bruka aldri ei man som gikk med
fot, for så kom ho tid "å kasta", sa dei.

148. Dei kjørde alltid seint på vegen til kyrkja, men heimatt var det Rappstjøving, serleg når dei kunne brika isen.
150. Ein gramme kjørde liket.
151. Kjøraren gjekk ved sida.
152. Då dei rotte med lika, sat kjökemeisteren på kista. Men då dei kjørte liket, var det alltid ein av grammene som kjørde føre med kjökemeisteren.
155. Barselkvinnen var alltid selige, trinte dei.
156. Grammen lyfte kista av vogne og bar henne fram til grava.
157. Jp. sp. 60.
158. Oppsittjarane i granta alle stengene dei bar kista på.
159. Dei same som bar fuket ut herme, bar det på vogne 3 til grava.
161. Presten kom ut av kyrkja då liket var sett ned i grava.
162. Dei bar kista rundt kyrkja forbi Samuel Haland (86 år), men han kan ikkje seia om dei gjekk ein eller fleire gonger rundt kyrkja. Far hans, Tor G. Haland, som hadde vore med på dette hadde fortalt det til Samuel for ca 75 år sidan.
163. Dei bar ikkje kista inn i kyrkja.
164. Kjökemeisteren gjekk føre og song medan kista var boren til grava.
165. Kista var sett på grastanken. Dei bar ikkje kista rundt grava.
167. I 1846 søkte Torbjørn Madgård om å verta hlott som gravar ved Egede Kyrkja, men kommunestyret vestok i: "Der ansattes ingen fast kulegraver ved Prestegjeldets kirker." I 1868 søkte Tjorand Hansen Egedesøien om å verta gravar ved Egede, "forsavidt Begravelser af Fattige angår."

og var det vedlike å helseha han "i de Tilfelle hvor den Afjødtes Begravelsesomkostninger må bestrides af Fattigvæsenet?"

Grotygusla for arbeidet var: For vinteren 1/11-14/4 a. Voksne gravr 48 skilling b. Born under 10 år 36 skilling.

For sommeren: 15/4 - 31/10. Voksne gravr 30 skilling Born under 10 år 24 skilling

I 1869 var Jakob Bården Rame (husmann på plassen Krakatigen) tilsett som gravar ved Grynsholm kyrkje.

og likeins var Tor A. Støkle (husmann på plassen Padla) tilsett som gravar ved Støkle kyrkje.

168. Gravaram var Kalle Kulegravaram.

Å Kulegrava kallar ein det enda når nokon grav svolt djupt og reinskar ein åker for stein.

For nokre dagar smatta eg med ein av gravmane minne ^{Lars S. Vang} som ikkje har fylt 50 år om ein åker på garden Tuuto som er så svolt steinfyll. "Det er ikkje så mange år sidan Sigurd hadde to karar som chulst på i vekvis og kulegrav-heile åkeren," sa Lars.

og eg hugsar at Tjerand Trette som døde i kring 1940, ca 80 år gammal, fortalt at han hadde vore med og kulegrave heile kyrkjegarden i Åker i Skånwick i sine unge dagar. Etterpå måtte dei fylle på ein mengde mold, sa han, for når all steinen var bortteken var det så lite jord att at dei felle ikkje lovleg djupn på gravene.

169. For det var tilsett fast gravar, var det mannfolke i fylgjet som kasta opp gravene. (Jfr. s 117)

Dei som leiddde nær kyrkja, kasta opp grave
dagen før. Men for dei som leiddde langt på,
4. d. i Stordalen var det godt gjøle gravferdsgang,
men dei andre i fylket venta. Og
om vinteren når jorda var frosen eller
når det var felt isen, var det ofte dei
grov så grunne graver at det var med
når dei skyte kistene.

Serleg ille var det i gravferdene eller
"fattiglemmer" der det oftast berre var
nøkkje fôr med i fylket. Det er vel
grunnen for at det først var tilsett gravar
"forsavidt Begravelsen af Fattige angår."

170. Mannfolket i gravferdsfylket kasta grava
igjen. Dette heid seg jamvel eller det var
tilsette gravarar til å kasta opp gravene.

Då det var slutt med dette, var det mange
av dei eldre som mistika at ikkje karam
i fylket kasta grava igjen. Dei tykte
det høyrde til å gjera dette arbeidet for ein
granne.

173. Det var sett ein staur i grave til mæke på
at det ikkje var heile jordfesting. Tiltogare var
det ikkje vanleg at presten måtte opp 13
heile jordfesting den dagen det var gravferd.
Jordfestinga var utført ein søndag seinare
eller prestika. Då samlast dei noraste av
stetta med grave medan presten les og
"høla øyn kasta med på" som dei sa.

174. Fjeldre tid var det ikkje stelt og pynta
serleg på gravene. Og det var berre få gravar
det var sett krossar eller andre minne-
merke på. Men for ikking 80-100 år sidan
tok somme til å setja krossar på
gravene. Ein telemarking, Ole Andreas Hanson
Gjitterberg, f. 1818, som for ikking her 13241

og miale kister og annan hüsband, miale
slike gravkrossar og minneplater med
namn og årstal og nokre bibelord eller
Elsket og Savnet - Fred med det Støv
o. s. v.

175. Folk no pyntar gravene når dei finn
Aida lagde, men helst når det tid
utpå våren

176. Eg har ikkje høyr om nokre ekstra for sjölmordarar
med omsyn til likklev, kista m. v.

177. Men likkista til ein sjölmordar var
løft over muren. Dei var aldri borte
inn porten.

178. Dei brukte ein vanleg slede til likkjøring,
og den vart teken med heimatt og
vart seinare brukte som vanleg.

(B! Berestengene lög att ff sp 60)

179. Sjölmordarar vart lagde i eit hjørne
på kyrkegården fortel Samuel Håland.
Men i utgarnel vart sjölmordarane
gravlagde utanfor kyrkegården, tett ved
gjerdet.

Ragnvald Kringlebotn som eig tein
kyrkegården på Grindheim fortel at
han har funne slike "mordargrav"
i jorda på utkanalen av gjerdet. Og
far min f. 1867 d. 1922, fortalde etter
bestemor si Kristi Halvorstøtter Omge.
at sjölmordarar vart gravlagde utanfor
kyrkegården. Ho fortalde også at om nokon
rende på almski og steg seg, vart det
rekna for sjölmord. For almski var si hule
at det var utlaust å bruke dei. Og
om nokon som bar høgbør i ilende og
bredde kjerntoget inn i hegla og dall

og var drepen under bora, var det ogsaa
 rekna for sjölmord. När dei bar bora i
 ulende skulle dei trede toget ut, for
 så var det lettare å koma seg raus.



Toget tredt inn. Toget tredt ut

Dei som hep seg på almsøki eller var
 drepen under ei bor der toget var tredt
 inn i hegla, skulle gravleggast
 utanfor kyrkjegarden.

180. Udøpte, men levande fødte born var gravlagde
 på vanleg måte, bene med den skilnad at forlegget
 til vanleg bene var så mange som eit fadderlag.

181. Liket av forlitte fødte var stikkne inn i eit
 hol i kyrkjemuren. I kyrkjemuren på Grøntheim
 var det t. d. eit slikt hol som dei kalle
 "Skotningeholet" (skotning = forlitte født)

Når gravaren opna grav, tok han skotningane
 og la mede, så dei var gravlagde på, men
 utan at det var spind eller eller nemmt
 kvem som hadde født skotningane.

182. Tidlegare sa dei "salabed", men no brukar
 ein ordet begravelse. Sjøfard har ogsaa vore
 bruke, men is minner salabed "etde
 nemninga.

183. Det var alltid ein eldre mann som bad
 til gravferd, helst ein av gravmane eller
 ein sletting, men skjøt av dei noroste.
 I Skänervik var det kvinnfolk som bad
 til gravferd. Men det har ein aldri høyrst
 om i Ötne

184. Det var same hedlaget i gravferd og brudlaup

185. Det var ingen regel for kledetøimaten. Men

dei som bed. gikk alltid høytelsette, d.v.s. i svarte eller mørkeblå vadmelsete. Eg frå bændammen minnest eg at dei alltid hadde stov med seg.

186. Bedmannen sat ei lita stund og snakka med folket; huser om vær og vind. Men straks reiste han seg opp og bar fram ei rundet såleis:

"Eg har ei helsing til dykk frå N. N. og koma om de ville koma om tyrdag og vera med og fylgja N. N. til grava." Derom koma i huset skulle vera med og stulla med maten. Vart ho samstundes beten særskilt om det. Klevakoner kalla dei konene som stod for matstellet.

188. Bedmannen skulle alltid få mat, men dei hadde det jamt annoans sidan dei skulle fara utring i heilo grinda og vrdare med. Si dei kunne ikkje venta på mat i kvart hus.

189. Bedstev var aldri bruka for, og det er soot gjeldan no og, og berre til dei som ber soot langt borte.

190. Gravidet varde alltid i 2 dagar og skinton i 3 dagar.

191. Det vanlege var 3 måltider kvar dag i gamal tid, morgon, middag og kveldsmat, men då kaffi kom i bruk, bruka dei jamt å ha nonsmat (ettermiddagskoffi) også, så det vart 4 måltider.

192. Dei bruka aldri den vanlege middagsekken, kjøl og suppa. Finken var den vanlege gjestebord. middagur i gamal tid. Finken var hadde kalakjøt med mykje feitt:

193. Det var ingan skilnad på maten for gifte eller ugifte. Graut var fast kveldsmat i alle græfudev.

194. Dei ndaste slektningane var aldri med på arbeidet med hestillinga på græfendagen

men dei var alltid med i arbeidet i dagane
føret.

21

195. Folket i granta stansa all arbeid på gravferdsdagen.
Eg hugsau fleire gonger på det hadde vore uover-
lenge og folk hadde mykje høy ute, men
sjølv om det var blankt solskinn på gravferdsdagen
var det ingen som arbeitte med høget.

196. I gamal tid hadde gjestene sendingar med
seg. Eg minnest for 50 år sidan at dei kom
med store "bestellingsbrød" som var kjepte
hja bakeren. Det var kvitebrød eller vortebrød
med mykje rosiner i. Gjestebodsbrød
vart også desse brøda kalla.

Men enda lengre tilbake vart sendingane borte
fram dagen føret. Dei vanlege sendingane var
ost og smør og mjølk. Tutlegau hadde
gravmøkkemfolkha vore med og baka lefse.
Dei var smale i "sendingskorgen"



som var fint arbeitte og smale
med vake farger.

Sjølve gravferdsdagen kom gjestene dess-
utan med "dravle" i fine ambarar
med rann og årstal smale på.



Det var ei stor øra for dei som fekk
ambarar sin sett på høgebordsendene.
Og det hente at kome vart hanne om ambarar
deira ikkje stot på den plasser dei meinte
han kunde stå. Dei som kom med sendingar
dagen føret, om "afto" som dei sa, fekk
alltid mat i gravferdsdager.

Ugifte kvinner og menn som hadde eige hus
eller ~~at~~ eige hushald, men ikkje gard og
beuskap, gav 1 ort som sending.

Klevakonene smurde lefse og kake skivlen
føret og la dette laget på store brefat eller kjele.

F. Semare lik la dei også påsmurde skiver av sendingsbrød på fota. Somamatufat kalla dei desse matfata.

Lepsa var det mykje smør på, og så vart ho oppskoren i firkanta stykke og oppå vart det lagt ei tjukk søtostskive inn i kvar klingelete. F. Semare lik bruka dei sjuken i staden for søtost. Dei bruka to slag kaker, potetkake og mjølkkekake. Potetkaka var tjukt klimt med smør og strøyt med sukker, og deretter vart det lagt ei mjølkkekaka oppå. Kvelling kalla inn desse kakene som høyrde saman.

201. Sendingsbrøda var ei overgangsform. Ikring århundretskiftet vart det slutt med slike sendingar. Og det var ofte bedmamma sa på då han bar til gjestebod at det skulle una „kostalauist“ d. v. s. at gjestene ikkje skulle koma med mat. Men den skikken at grensafolket kjem med mjølk til gravferd eller brudlaup held seg intå.

202. Like til for ca 20 år sidan var det vordt at det vart kjøpt ut til gravferder.

204. Ettersom det var slutt med sendingar tok folk til å koma med kranzar.

205. For ca 30 år sidan var det berre få heime. laga kranzar av lyng og blod og bar og potteblomar.

206. Kranzar med silkeband der det er påskrift er ein nokså ny skikk, ca 20 år. Og det er berre dei aller ndaste slektningane som sender slike kranzar.

208. Stoppaden av kranzane vert senka i grava samane med kista.

Beni nokre få mansar på dei næraste
slektingane vert tekne av kista på kyrkygarden,
og dei legg gravarar oppå grava eller ho
er påkasta og ordna.

210. Etter gravferdsfesten kjem heim til "syrgehuset"
får dei middag og nokre timar etterpå
får dei kaffi og brøtmat, og så er det
offe slutt. Men somme held entå på den
sittne ut gjestene også skal få kveldsmat.
Da varen gravferdsfestebotel til midnatt
og stundom entå lenger.
No er det sjeldan det vert servera alkohol
i gravferter.

211. På sentrale stader vert det no stortjamt skipa
suleis at gjestene samlast i eit hotell der
det vert servera middag og ettermiddagskaffi.
Men der folk kêm langt frå hotell eller
kafe hover stikke dette, og der held ein
framleis gjestebotel heime eller i
skulehus eller lekethus.

212. Å avertara ditsfall i avisene tok
einstitte til med for ca 30 år sidan,
men det vart ikkje vanleg for ikking
10-15 år sidan her på oss.